

ORDENSREGLEMENT FOR VIGRESTAD SKULE

1 INNLEIING

1.1 FØREMÅL

Ordensreglementet skal bidra til å fremja samarbeid, respekt, trivsel og medansvar for å utvikla eit godt læringsmiljø på skulen. Reglementet skal skapa tryggleik og tydelege grenser for elevane. Reglementet skal informera elevar og foreldre om skulen sine krav og reaksjonsmåtar.

1.2 HEIMEL

Ordensreglementet er laga med heimel i lov av 17. juli 1998 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) av §2-9.

1.3 VERKEOMRÅDE

Skulen har ansvar for elevane i undervisning, under arrangement, på ekskursjonar og liknande der elevane er under skulen si leiding. Dette inneber at ordensreglementet gjeld i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteområde, på skulevegen og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område. Under ettermiddagsarrangement er det naturleg at føresette er med og tek omsyn til ordensreglane.

2 REGLAR OG SANKSJONAR

Skulen er ein læringsarena og arbeidsplass for ungar og vaksne. Alle har eit ansvar for korleis skulemiljøet er og korleis det vert utvikla. Elevane skal følgje vanlege reglar i samfunnet og vise god folkeskikk. Som elev har ein plikter ein skal følgje.

2.1 REGLAR OM ORDEN OG ATFERD

- Eg viser omsorg og respekt.
- Eg held meg borte frå mobbing og leikeslåssing.
- Eg snakkar fint til vaksne og medelevar, og bannar ikkje.
- Eg arbeider godt i timane og bidreg til arbeidsro.
- Eg møter presis til undervisning og gjer skulearbeidet mitt til avtalt tid.
- Eg ryddar etter meg og er med på å halda skulen sitt område fint og ryddig.
- Eg tek vare på skulen sine ting.
- Eg er på skulen sitt område i skuletida.
- Eg er ute i friminutta.
- Eg har ikkje med snop.
- Eg har ikkje med mobiltelefon.

Etter avtale med kontaktlærer kan ein ha med mobiltelefon, men telefonen skal oppbevarast av kontaktlærer til skuledagen er slutt. Smart-klokker skal ikkje brukast som telefon i skuletida.

- Eg kan sykla til skulen om mor og far vurderer det som trygt.
- Eg parkerer sykkelen i sykkelskuret og let den vera der i skuletida.
- Eg bruker hjelm når eg sykklar til og frå skulen og når eg bruker sparkesykkel eller rulleskøyter i friminutta.
- Eg bruker berre sparkesykkelen på asfaltert veg over Steinrøysa, og i bakken ned mot vegen.

- Ytterklede og lue heng i garderoben.
- Eg kastar berre snøballar i ballbingen.
Dersom det er lite snø er det vaktene som bestemmer om det skal vera fotball eller snøballkasting.
- Eg bruker refleks i vinterhalvåret.
- Eg følgjer nettvettreglane.

2.2 TILTAK VED BROTT PÅ ORDENSREGLEMENT

Alle sanksjonar skal vere slik at elevane skal forstå kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette. Sanksjonane skal vera rimelege i forhold til kva brott som er gjort. Tiltak bør kome så nær regelbrot i tid som mogleg.

Brott på skulen sitt reglement kan sanksjonerast etter føringane nedanfor. Ein skal ikkje straffe kollektiv, men la sanksjonen vere ein naturleg konsekvens i høve til kva som er gjort.

Elevane/elevane som har brotne reglane skal få uttale seg i saka.

2.3 MOGLEGE SANKSJONAR

- Beklaga/gjera opp for seg.
- Skriftleg irettesetjing.
- Munnleg irettesetjing.
- Kontakt med heimen og involvering av føresette.
- Attsitjing (ta att tid) eller innesitjing i friminutt/midt-time.
- Beslag av gjenstandar.
- Erstatningsansvar.
- Midlertidig byte av gruppe.
- Utestenging for bruk av data/internett.

2.4 KONKRETISERING AV MOGLEGE SANKSJONAR

Mobbing og vald

Krenkjande åtfærd skal ikkje akseptast på Vigrestad Skule. Me har ein eigen handlingsplan for eit godt psykososialt miljø.

Mobil

Dersom elevane bruker mobil på skulen, vert denne inndregen. Føresette kan henta den i administrasjonen etter skuletid.

Internett

I læreplanen er det kunnskapsmål for bruk av digitale verktøy. Alle datamaskinane våre er knytta opp mot internett. Elevane våre har og tilgang til læringsplattforma Itslearning. Det er viktig at lærarar, elevar og føresette har tilstrekkelege kunnskapar om kva farar og truslar som kan oppstå ved bruk av internett. Elevar som bryt nettvettreglane eller ikkje handterer data-utstyret varsamt, kan stengast ute for bruk for ein periode.

Hærverk

Elevar som gjer hærverk kan påleggast å rydde opp etter seg/utbetre skadar når det er arbeid eleven har føresetnad for å klare. Ved hærverk vil eleven og/eller føresette kunne verte gjort erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap eller øydelegging av skulebøker og utstyr. Eleven kan få høve til å utbetra skadane sjølv der det er hensiktsmessig.

Skulen skal reagere dersom elevar øydelegg andre elevar eller tilsette sine eigedelar.

Fråvær

Elevane har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Ved sjukdom skal skulen ha beskjed så raskt som mogleg. Fråvær kan meldast på telefon til kontoret eller på SMS til kontaktlærer om morgonen. Skulen skal varsle føresette dersom eleven ikkje møter på skulen, dersom føresette ikkje har gitt beskjed. Føresette skal informerast om ansvaret dei har for at eleven skal møta til undervisning etter opplæringslova § 2-1.

Dersom elevane ikkje kjem inn når friminuttet er slutt, må dei ta att tida etter skulen eller i neste friminutt. Føresette skal ha beskjed om atsitjing etter skuletid.

Permisjonssøknadar skal leverast skriftleg på skulen/etatskontoret. Når det er forsvarleg kan kommunen etter søknad gi den enkelte elev permisjon i inntil 2 veker (skulen 5 dagar/etatskontoret over 5 dagar), jfr. opplæringslova § 2-11.

2.5 NAUDVERJE

Når det i heilt spesielle akutte situasjonar er fare for at ein elev kan skada seg sjølv, medelevar eller skulen sin eigedom, har personalet plikt til å gripa inn. Straffeloven § 47 og § 48 om naudrett og naudverje gjev ei opning for at skulen sitt personale kan nytte fysisk makt til å stoppe elevar som sloss, hindre at eleven skadar seg sjølv eller andre, eller skulen sin eigedom, og til å verje seg mot elevar som opptrer truande eller valdeleg. Når eit slikt tiltak vert sett i verk, skal ein straks melde frå til rektor og til føresette.

3 SAKSGANG VED ENKELTE SANKSJONAR

Avgjerdslar om tiltak som omhandlar det psykososiale miljøet, skal alltid nedfellast i enkeltvedtak.